

AREAL: 140 km²
FOLKETAL: 16 055

OS

Framnes var namnet på OS skipreide i mellomalderen; neset som stikk fram i Bjornafjorden. Os og bygdene kring Fusafjorden og Samnangerfjorden høyrde til same skipreide og prestegjeld fram til 1800-talet. Og i den lune, austvende Lekvenvågen ved Ferstad har truleg leidangsskipet hatt sin plass (©433).

Os prestegjeld omfatta tidlegare Os, Fusa og Samnanger kommunar. Fusa vart eige prestegjeld og kommune frå 1855. Samnanger nådde i det kommunale sjølvstyret i 1907.

Det noverande Os høyrde til Os skipreide, med unntak av Lysekloster gods sine gardar, som utgjorde eit eige tinglag før 1857. Os skipreide var ein del av sorenskrivaren i Sunnhordland sitt distrikt fram til Midthordland sorenskrivardøme vart skipa i 1848. Lyseklostergardane høyrde rettsleg til ein eigen jurisdiksjon fram til 1853. □



PÅ RAUD BOTN
EIN GULL
OSELVAR

Merket vart teke i bruk etter ei større bygdeutstilling i 1949 og er teikna av Trygve Eriksen. Det framstiller ein båt under ei stor rose, omgjeven av ni små rosar. Det er ikkje godkjent som våpen etter heraldiske reglar. Kommunemerket symboliserer hevdvunne handverk i Os, i form av Oselvarbåten og rosemåling. Dei små rosene tilsvarar talet på skulekrinsar i 1949. Fargane er raudt og gull.

OS

Det er sjølv sagt elveosen som har gjeve garden, bygda og seinare kommunen – Os – namn. Lysekloster inneheld ei avleiing av gno. ljóss «lys», kanskje opphavleg om fjorden. Søvik er ikkje lett å tolka, førsteleddet er moegeleg sid i tydinga «lågtiliggjande, blautt». Enklare er Drange, av gno. drangr «høg stein, bergtopp». Ferstad er usikkert, men mykje talar for at det kjem av «ferjestad». Halgjem er no ofte skrivne Halhjem, men Halgheimir (1427) kan truleg knytast til gno. heilagr «heilag» i førkristen tyding. Lunde «lund» har truleg samanheng med offerlund, og Lekven tyder «leiksletta». Døso kjem av gno. dys «steinrøys, gravrøys». Vargavågen er eit namn som er lett å gjennomsjoda, likeins Katlabrotet, der førsteleddet er ei genitiv fleirtalsform av gno. ketill «kjel».

OSELVAREN

Samanliknar vi oselvaren med småbåtane som vart funne saman med Gokstadskipet, er det ikkje vanskeleg å sjå slektskapen. Her finn vi att dei breie borda og den smekre forma. Oselvaren vert bygd som færing og som seksæring. Færingen var den vanlege kvardagsbåten, som vart brukt til fiske og til dagleg transport. Seksæringen vart mest brukt til føringsbåt og til kyrkjebåt.

Nemninga «oselvar» skriv seg frå 1700-talet. Om båtbyggjarhandverket er gammalt i Os, så var det mot slutten av 1700-talet berre eit par aktive båtbyggjarar. Dei bygde båtar i nausta sine ved Oselva, og dette gav namn til båttypen. Etter dette tok handverket seg opp att, og utover på 1800-talet vart det båtbygging i «alle naust». Fram til 1950-åra var oselvarbygging ein viktig næringsveg i Os. Oselvaren var den dominerande båttypen på Hordalandskysten, og det vart levert båtar til andre landsdelar og til utlandet.

Oselvar bygd på Drange i Os.
Teikning etter oppmåling av Bernhard Færøyvik.

